

Norsk Kulturråd
Postboks 8052 Dep.
0031 OSLO

Steinkjer, 3.4.2017

Høringsvar om utvikling av strukturen i regionale senter for musikk frå Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans (MSFF)

Folkemusikken og dansen har hatt sine senter sidan 2014, og dei vart oppretta med grunnlag i Unescos konvensjon om vern av immateriell kulturarv. Vedtaket som vart gjort i Stortinget slo fast at sentra skulle «styrke arrangørene i regionene, gi effektive turneer, flere oppdrag for musikerne og opplevelser til folk i hele landet.»

Med våre fire satsingsområde (produksjon, arrangørstyrking, booking og rekruttering) meiner vi at vi svarer på utfordringane både frå Stortinget og Unesco-konvensjonen som Noreg slutta seg til i 2007. Konvensjonen slår fast at tradisjonar skal vere i kommunikasjon med si eiga tid – og at vern betyr bruk. For oss har det heile tida vore viktig å arbeide parallelt med kulturarv, rekruttering og auka profesjonallisering innanfor sjangeren. Etter å ha samarbeida med mange aktørar over fleire år (Stiftinga Hilmar Alexandersen som mellom anna står bak MSFF) har sidan 2010 vore ein del av MINK, og samarbeider med mange andre organisasjonar mellom anna gjennom Hilmarfestivalen og FolkJazzScena i Nord-Trøndelag. Vi har også vore med og levert informasjon til Møre og Romsdal fylkeskommune i deira arbeid med sin nye kulturplan, noko som har ført til at det er lyst ut nye stillingar i fylkeskommunal regi innanfor folkemusikk og folkedans i dette fylket. Vi ser gjennomgåande at for ein sjanger som vår, så er det heilt påkravd at nokon taler sjangeren sin sak. Berre da får den regionale arven innanfor dans og musikk gjennomslag hos andre samarbeidspartar.

Vi har, etter at Stiftinga Hilmar Alexandersen vart starta sett ein auke av profesjonelle folkemusikarar og -dansarar i regionen har auka med over 50 %¹, og mange av musikarane har vi eit godt samarbeid med. Det er artig å sjå at ein lykkast på den måten at personar frå regionen som tar høgre utdanning innanfor sjangeren kjem og buset seg i distriktet igjen. Dette er ingen sjølvsgatt ting, men i og med at dette skjer gong etter gong, meiner vi at vi har lykkast etter at Stiftinga Hilmar Alexandersen starta i 2005. (Som eksempel på heimflyttarar som har tatt utdanning i byar og flytta tilbake berre dei siste 5-6 åra kan nemnast: Gjermund Larsen, Einar Olav Larsen, Ingvild Blæsterdalen, Anna Gjendem, Jo Einar Jansen, Kjersti Kveli og Sivert Skavlan). Vi skal sjølvsgatt ikkje ta all æra for at desse (og fleire til) har flytta tilbake til heimbygdene sine, men vi arbeider tett med alle desse, og arbeider for at dei skal ha eit fagmiljø lokalt, og samtidig nå ut både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Som eksempel

¹ Kjelder: JE Bjerkem sin rapport om folkedansen i regionen frå 2008, og heimesida til MSFF i dag

på at dette er viktig arbeid (Nord-Trøndelag er eitt av dei fylka i landet med lågast kunstnartettheit), vil vi ta med nokre få sitat frå nokre av desse profesjonelle musikarane her: Einar Olav Larsen skriv mellom anna: «Midt-Norsk senter for folkemusikk og folkedans har en hatt en avgjørende betydning for mitt virke som selvstendig næringsdrivende folkemusiker i Midt-Norge.» Jo Einar Jansen seier: «Duo Jansen/Jüssi har siden 2015 samarbeidet med Hilmar AS om booking av duoen. Dette samarbeidet begynner nå å bære frukter i form av flere spilleoppdrag og vi ser frem mot fortsettelsen.» og Sivert Skavlan uttaler: Det er fint å ha nettverket rundt seg. Det å få tips og hjelp på søknadar, få tips om søknadar vi kan søke samt det å drøfte problemstillingar som dukker opp med nokon som ikkje er interne, men som på same tid har ei forståing om kva vi held på med.»

Før Stiftinga starta, var det ingen som arrangerte faste profesjonelle konsertar, festivalar eller kurs innanfor sjangeren utanfor Trondheim. No er det fleire faste folkemusikkarrangørar i heile regionen – i alle tre fylke². Dette er ikkje sikkert hadde skjedd om vi ikkje hadde funnest som sjangernav – og etter kvart også som senter. Det å arbeide for folkemusikk og folkedans er annleis enn å arbeid for andre sjangrar, og sjølv om det også sjølv sagt er mange utfordringar som er felles, er det også mange som er sjangerspesifikke. Utan at ein har ei forståing for metodar i tradisjonsfag i tillegg til musikk- og bransjefag, så når ein ikkje målet.

Det skal også føyast til at det at sentret også har grunderkompetanse innanfor tradisjonskultur internt er viktig. For folkemusikarar er det mye å hente på å samarbeide med andre musikk-sjangrar, men også på å samarbeide med handverkarar, matprodusentar, reiseliv osv. Slik styret vårt og dei tilsette på kontoret er samansett, så blir alt dette dekt opp. Vi har personar som har levd for og av folkemusikk og folkedans i ein mannsalder, vi har gründarar, vi har reiselivsdirektør, småskala matprodusentar, musikkprodusentar, arrangørar, leiarar og frivilligfeltet representert hos oss.

I tillegg har vi kontorfellesskap med næringsforum, næringssselskap, kunnskapspark, bookingbyrå, andre festivalar, kommunikasjonnsselskap, lydteknikkarar og investormiljø. Vi har kommune og kunnskapspark som grunnfondsinnskytarar saman med lokale, regionale og nasjonale organisasjonar. Vi samarbeider godt med mange andre organisasjonar som festivalnettverket i Trøndelag (det einaste regionale festivalnettverket i landet) og andre musikk- og bransjeorganisasjonar. Dei siste åra har vi saman med universitet og høgskole stått som eigar av to forskningsprosjekt – begge med formidling som tema.

Den samla omsetninga for Stiftinga Hilmar Alexandersen og det heileigde dotterselskapet Hilmar AS er på omtrent 5 millionar, der ca. 1,4 kjem frå ulike ordningar i Norsk Kulturråd (511 000,- til MSFF). Om dette eine beinet blir tatt bort, blir utviklinga til sjangeren og bransjen etter vårt syn rykka fleire år tilbake – vi har mange planer som utvikling vidare som vi håper vi får gjennomført.

Vi ser at også Førdefestivalen og Folkemusikk Nord (som vi begge har godt samarbeid med), har stor verknad i sine regionar, og er viktige for sjangeren der dei er. Vi meiner at også andre deler av landet (Buskerud og Telemark) burde hatt regionale folkemusikksenter.

Vi meiner at av modellane som er skissert i høringsskrivet frå Kulturrådet, så er modell tre den einaste som er brukande for vår del. Det hadde likevel vore bra om det hadde funnest noko samarbeidspengar i tillegg sjangersentra. MINK-samarbeidet er bra på den måten at det tvingar ulike

² Etterspør gjerne dokumentasjon – og sjå våre egne verksomheitsplaner for MSFF.

musikkmiljø saman. Det er imidlertid rart at samarbeidet har betre finansiering enn oss som sjangersenter.

Vi meiner modell 1 og 4 vil rasere mye av det som er bygd opp allereie, og frårår på det sterkaste desse modellane. Vi meiner også at modell 2 ikkje vil ta nok omsyn til det spesielle med vår sjanger. Vi meiner også prinsipielt at ein regions arv treng egne støtteordningar – og at det er merkeleg at europeisk klassisk tradisjon får mye meir enn regional klassisk tradisjon. Misforstå oss ikkje, vi meiner ikkje institusjonane og orkestra skal vekk eller svekkast, men i ei moderne verd, så hadde det vore naturleg at ein så rik stat som Noreg hadde likestilt sin eigen historiske klassiske musikk med den europeiske tradisjonens musikk (som sjølv sagt også er norsk). Vår sjanger, som ikkje finst andre stader i verda, har aldri fått like konkurransevilkår som dei andre store sjangrane. Vi håper at den første spede starten ikkje blir knekt, men heller vidareutvikla.

For
Stiftinga Hilmar Alexandersen
Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans

Susanne Bratli
Styreleiar
-sign-



Johan Einar Bjerkem
Dagleg leiar